

MORGONDAGENS SKULE

Ein framtidsretta og estetisk skule, med eleven i sentrum.

BACHELOR I INTERIØRARKITEKTUR BOP3100
Høgskolen Kristiania, 985450, våren 2016



“Korleis utforme rom som ivaretek det psykososiale læremiljøet og som er tilrettelagt for ein variert og fleksibel pedagogikk ved Naustdal barneskule?”



KLASSEROMMET SOM DEN TREDJE PEDAGOG

I pedagogisk samanheng blir rommet ofte kalla den tredje pedagog. Korleis kan eg ved fysisk utforming/møblering, fargespsykologi og berekraftig materialbruk påverke det psykososiale læremiljøet?



TRIVSEL & LÆRINGSMILJØ

Trivsel påverkar læremiljøet og læremiljøet påverkar elevens trivsel. Korleis kan ein gjennom fysisk utforming/møblering tilrettelegge for trivsel samt ein variert og fleksibel pedagogikk?



TEKNOLOGI OG UTVIKLING I SKULEN

Meir aktivitetbaserte skular er i vinden, og saman med ny teknologi kan dette gje fleksible og nyskapande areal. Korleis kan ny teknologi endre utforminga av klasserommet?



1. ETASJE

1. etasje består av klassetrinna 1. - 4. klasse, grupperom, garderobar, SFO, vrimeleareal med te-kjøkken og eit amfi.

Denne etasjen er utforma med tanke på notidas undervisningsnormer, og med utgangspunkt i 44-45 elevar på kvart klassetrinn. Vektlagt i denne etasjen er trygghet og trivsel, noko som skal gje elevane eit godt forhold til skulen og på denne måten fremme engasjement og læring. Likevel er opplevelsesrikdom viktig for elevane. Dermed er konseptet på SFO noko som bryt heilt med resten av bygget, og den abstrakte skogen i vrimelearealet vil kunne gje elevane moglegheit til å drøyme seg bort under ei lesestund.

Det er lagt stor vekt på estetiske faktorar. Den overordna farge- og materialbruken danner eit grunnlag for elevens innstilling til skulen og det dei lærar.

Ei god atmosfære med dempa hovudfargar, spreke kontrastfargar, naturmateriale og god belysning gjer at ein unngår det sterile institusjonspreget, og skapar tilhørslse og engasjement ovanfor for medelevar og eigen læring. I felles- og gangsoner vil det vere eit spreke fargeval for leik og opplevelse, medan det i klasseromma vil vere ein rolegare palett for konsentrasjon og fokus.

Gjennom dei estetiske vala skal skulen vise ovanfor elevane at det er elevane som er i fokus!



Oppriss av sitte- og oppbevaringsmøbel i klasserom



2. ETASJE

2. etasje består av klassetrinna 5. - 7. klasse, garderobar, arbeidsrom og amfi.

Denne etasjen er utforma med tanke på framtidens undervisningsopplegg, med utgangspunkt i 44-45 elevar på kvart klassetrinn. Vektlagt i denne etasjen er ulike arbeidsplassar, både i klasserommet og i arbeidsrommet. Bruken av teknologi gjer det mogleg å bygge opp strukturen på ein meir fleksibel og pulserande måte. Tanken bak dette er at når elevane sjølve får bestemme korleis ein ynskjer å sitje eller arbeide, vil eleven lære meir. Hovudpedagogikken som ligg til grunn for utforminga er det “omvendte klasserommet”, der elevar tileignar seg ny kunnskap heime, og nyttar tida på skulen til oppgåveløysing og veiledning.


Arbeidsrommet er som eit felles grupperom, der elevane kan finne den passende plassen for sine oppgåver. Her er det ikkje leik som står i fokus, men læring!



Stol klasserom



Whiteboardstativ



Oppriss av vegg i korridor